



Skogen står førebels som ein vegg mot fjorden gjennom Ljosneslia. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I løpet av august vil samarbeidsprosjektet om skogrydding langs riksvegen komma i gang att og eit parti nær steinknuseverket i Ljosneslia er ein av to prioriterte strekningar. Den andre er sør for Svoldalstunnelen. Entreprenør er engasjert og snart klar.

Dei grunneigarane som har vore kontakta om opprydding i "den grønne tunnelen" har stilt seg svært positive. I samarbeid med kommunen er det også peika ut fleire stader, men her har det enno ikkje vore kontakt med grunneigarane og difor kan det ikkje opplysast om kva stader det gjeld, seier nyttilsett prosjektleiar Vidar Jørdre i Skogeigarlaget Vest til Kvinnheringen.

Det var i fjor det vart etablert et samarbeid mellom skogeigarlaget og kommunen om dette prosjektet, som går ut på å laga opningar i den stadig tettare grønne tunnelen. Det kom også i gang fleire stader, mellom anna vart det gjort ein innsats mellom Rød og Ljosnes.

Men i vår slutta den tidlegare prosjektleiaren medan Jørdre først kom i gang i sommar. Difor vart det stopp. Men det er også ein fordel å driva med dette arbeidet utanom den mest hektiske ferietrafikken, påpeikar Jørdre..

Av Ola Matti Mathisen